



WoX imponerte i helga og onsdag imponerte dei igjen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det relativt nystarta rockebandet WoX, der tre av fire er uskedelinger, blir betre for kvar gong det opptrer. Onsdag kveld sette det eit forrykande punktum for sommarkonserten til kulturskulen i Rosendal Samfunnshus og vart belønna med trampeklapp.**



Marko Erdevicki (lengst til høgre) har eit knippe flinke uskedelinger blant gitar-rekruittane sine. Her spelar han saman med Henrik Dahle, Hermund Døssland og Are Legland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vegard Døssland, Birger Bauge, Sondre Høyland Enes og Knut Gilberto Sæbø (Vegard er 14 og dei andre 15) er prega av aukande sjølvtrillit i tillegg til at dei blir speleteknisk betre for kvar gong ein høyrer dei. Det vil nok ikkje vanta bestillingar framover!

Men også andre uskedelinger gjorde seg sterkt gjeldande under den timelange konserten. Det galdt ikkje minst dei som spelar gitar.. Lærar Marko Erdevicki har eit bokstaveleg tala lykkelig grep med rekruittane sine og denne gongen leia han desse uskedelingane: Henrik Dahle, Hermund Døssland, Are Legland, Hallvard Døssland, Arne Tvedt og Magnus Bu.

Når vi og tar med Solveig Karine Bu som song og Tone Helen Moen, Maren Huse Bjørnebøle og Ingeborg Huse Bjørnebøle som var å finna i strykargruppa har vi kanskje ikkje gløymt nokon av dei unge musikantane og songarane som var med i konserten og som kjem frå Uskedalen?

Truleg blir det enda fleire uskedelinger i konserten på Husnes torsdag. Den er den siste av dei fem konsertane der kulturskule-elevane viser kva dei har lært gjennom det siste skuleåret. Etter det vi høyrde i Rosendal er det imponerende mykje.

I dei siste tre vekene har dei hatt ein ekstra stor utfordring. Dei har møtt opp på nye dagar og til nye tider og møtt nye elevar i nye konstallasjonar.

Målsettinga har vore at så mange som mogeleg skal få oppleva samspel, det å spela og syngja så godt som mogeleg saman. Fleire har naturleg nok måtta spela andre instrument enn det dei til vanleg gjer. Det er utfordrande, men det har gått greitt med kyndig hjelp, er musikkskulen sin konklusjon. Og at det er mange talantar å finne i musikkskulen i Kvinnherad fekk vi nok ein gong høyra i går. Det gjeld både song og musikk.

Av Ola Matti Mathisen



Det var Uskedal-deltakarar også i strykargruppa, som spela brudevals. (Foto: Ola Matti Mathisen)